



Lærarkompetanse for hørselshemma born

I 2020 er ein million nordmenn hørselshemma. HLF (Hørselshemmedes Landsforbund) set i år ekstra fokus på hørselshemma born og unge si psykiske helse.

Born og unge med hørselsutfordringar fortel om mobbing, manglande trivsel og utanforskap. Resultat fra HLF si undersøking (mai 2017) viser at 28 % av hørselshemma elever opplever å bli mobba fleire gonger i månaden. Tilsvarende tal frå elevundersøkinga i 2016 viser 4,6 %.

- 1 av 6 (16,7 %) av dei som vert mobba svarar at læraren er den som mobbar.
- 6 av 10 (60,7 %) svarar at mobbinga skjer i klasserommet.
- 1 av 3 (31 %) svarar at skulen visste om mobbinga, men ikke gjorde noko.

På grunn av manglande trivsel, dårleg hørselsteknisk tilrettelegging og manglande kunnskap om hørsel og hørselstap i skulen, får denne gruppa også ofte svakare faglege resultat enn andre.

Desse borna treng lærarar med kunnskap og forståing kring hørselshemming, teknisk tilrettelegging og universell utforming.

HLF krev at strakstiltak vert sett i gong, og at lærarutdanning og vidareutdanning for lærarar tek opp i seg hørselspedagogikk. Dette kan og bør skje gjennom midler på Statsbudsjettet i 2018.

Synnøve Solhaugen Engen

HLF (Hørselshemmedes Landsforbund) Sogn og Fjordane

Synnove.engen@enivest.net mobil: 91708261